

Dokumenttype	Versjon	Gjeld frå	Sist revidert	Godkjent av
Beredskapsplan	1	23.4.2015	23.4.2015	Oddmund Sylta



Beredskapsplan ved vedtak om datokøyring

Føremål

Føremålet med denne beredskapsplanen er å vise kva tiltak Skyss vil vurdere å setje i verk ved vedtak om datokøyring i Bergensområdet.

Fase 1 og fase 2 i beredskapsarbeidet

Beredskapsarbeidet er delt inn i fase 1 og fase 2. Fase 1 er i denne planen definert som dei fem fyrste dagane med datokøyring, medan fase 2 er påfølgjande dagar/arbeidsveke(r).

Ved vedtak om datokøyring vil Skyss innan 24 timar kunne setje i verk tiltak som skildra i denne planen. Dette vil vere fase 1.

Dersom det dag 5 i fase 1 framleis er vedtak om datokøyring vil Skyss starte planlegginga av fase 2. Skyss vil innan dag 5 vurdere kva tiltak som er naudsynt å setje i verk frå og med neste kvardag. Skyss vil nytte erfaringar frå fase 1 til å vurdere behovet for justering/styrking av tiltak som blir innført i fase 2.

I planlegginga av fase 2 vil Skyss også vurdere om det er tiltak som krev auka innfartsparkeringskapasitet for personbilar, og eventuelt arbeide opp mot aktuelle aktørar for å få på plass dette.

Aktuelle tiltak som kan bli sett i verk

Skyss vil vurdere å setje inn ekspressbussar mellom sentrale knutepunkt i bydelane og sentrum. I tillegg vil utvalde regionale busslinjer kunne stoppe på alle haldeplassar mellom sentrale knutepunkt og sentrum for å auke kapasiteten for reisande til/frå sentrum.

For einsskilde ruteområde vil det vere naudsynt å leige inn bussmateriell som t.d. turistbussar dersom Skyss skal kunne setje inn ekspressbussar. I slike tilfelle vil Skyss leggje vekt på å leige inn bussar med minst mogleg lokale utslepp, ut i frå tilgjenge i marknaden på det aktuelle tidspunktet. Ved innleie av eksterne bussar vil det vere behov for mobilt billetteringsutstyr samt ressursar som kan betene dette.

Aktuelle tiltak som vil bli vurdert av Skyss i samband med vedtak om datokøyring er skildra nærmare i tabellen under.

Dokumenttype	Versjon	Gjeld frå	Sist revidert	Godkjent av
Beredskapsplan	1	23.4.2015	23.4.2015	Oddmund Sylta



Ruteområde	Vurdering av behov	Aktuelle tiltak
Fyllingsdalen	God kapasitet gjennom dagens rutetilbod	<ul style="list-style-type: none"> Linje 50 E vil tene alle haldeplassar mellom Oasen terminal og sentrum
Loddefjord	God kapasitet gjennom dagens rutetilbod	<ul style="list-style-type: none"> Styrke rutetilbodet på belasta linjer med omdisponering av bussar frå andre mindre belasta linjer (utanom tidsperiodar med skolekøyring) Kan bli aktuelt å leige inn bussmateriell (t.d. turistbussar) som kan gå som ekspressbuss til/frå sentrum
Åsane	Behov for auka kapasitet Kan vere behov for auka innfartsparkering	<ul style="list-style-type: none"> Setje inn ekspressbussar mellom Åsane terminal og sentrum Regionale busslinjer tener alle haldeplassar mellom Åsane terminal og sentrum
Bergen Sør	Behov for auka kapasitet Kan vere behov for auka innfartsparkering	<ul style="list-style-type: none"> Setje inn ekspressbussar mellom Lagunen terminal og sentrum Regionale busslinjer tener alle haldeplassar mellom Nesttun terminal og sentrum
Vest (Straume + Kleppestø)	Behov for auka kapasitet	<ul style="list-style-type: none"> Leige inn bussmateriell (t.d. turistbussar) som kan gå som ekspressbussar mellom regionssentra og sentrum
Nordhordland	Ledig kapasitet på buss som korresponderer med båt Knarvik	<ul style="list-style-type: none"> Ikkje behov for tiltak

Informasjonsplan

Skyss sin informasjonsplan ved vedtak om datokøyring i Bergen kommune går fram av tabellen under.

Målgruppe	Kanalar	Tiltak/informasjon
Publikum	Skyss.no Facebook Media Bergen kommune sine informasjonsflater	<ul style="list-style-type: none"> Informere om datokøyring og endra busstilbod Framheve informasjon om billetter og prisar sidan mange som nå må ta buss og bane ikkje er vane med å reise kollektivt Info om eventuelle endringar knytt til innfartsparkering Oppmode til å nytte andre transportformar: sykle, gå og samkøyre
Operatørar og sjåførar	Eigne kanalar	<ul style="list-style-type: none"> Relevant informasjon om endringar i det einsskilte ruteområde Ev. endra stoppmønster på aktuelle linjer
Billett kontrollørar	Eigne kanalar	<ul style="list-style-type: none"> Relevant informasjon om endringar Gjere merksam på at det vil vere fleire kollektivbrukarar utan erfaring enn vanleg blant dei reisande
Beredskapsrådet luftkvalitet - Bergen kommune	Etablerte kanalar	<ul style="list-style-type: none"> Direktør informerer om relevante tiltak som Skyss har sett eller planlegg å sette i verk

<i>Dokumenttype</i>	<i>Versjon</i>	<i>Gjeld frå</i>	<i>Sist revidert</i>	<i>Godkjent av</i>
Beredskapsplan	1	23.4.2015	23.4.2015	Oddmund Sylta



Varsling

Ved vedtak om datokøyring og behov for ei auke i kollektivtilbodet skal direktør i Skyss varslast. Dersom administrerande direktør ikkje er tilgjengeleg skal leiar avdeling trafikktilbod varslast.

Namn, funksjon	Kontor	Mobil
Oddmund Sylta, dir.	55 23 93 94	93 23 04 01
Målfrid Vik Sønstabø, leiar trafikktilbod	55 23 90 34	91 65 31 76

Mynde

Avgjerd om å setje i verk tiltak ligg til fylkesrådmann. Skyss vil syte for at det blir gjort naudsynte avklaringar i ein beredskapssituasjon.

Revisjon av planen

«Beredskapsplan ved vedtak om datokøyring» skal minimum bli revidert ein gong årleg, fortrinnsvis etter hovudruteendringa kvar haust. Ved revisjon av planen må Skyss vurdere om det er endringar i rutetilbodet som medfører at tiltak i planen må endrast.